

Møte i styret for Jostedalsbreen nasjonalpark den 30. september

Tid: Fredag den 30. september 2011 kl. 10.30 – 15.00

Stad: Tomta til Breheimsenteret og Jostedal hotell

Til stades frå styret:

Styreleiar Torodd Urnes frå Luster kommune, Gunnvor A. Sunde frå fylkeskommunen, Einar Målsnes frå Balestrand kommune og Eline Orheim frå Sogndal kommune.

Andre deltakarar:

Anne Rudsengen frå Statens naturoppsyn, Tom Dybwad frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Maria Knagenhjelm, nasjonalparkforvaltar og sekretær for styret.

Saksliste:

Sak 29 – 2011

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent med tre nye sakar (sak 39, 40 og 41) etter sak 38 Eventuelt.

Sak 30 – 2011

Referat frå møtet i nasjonalparkstyret den 9.-10. juni 2011 i Fjærland (sendt medlemmane tidlegare)
Godkjent. Gunnvor A. Sunde og Einar Målsnes vart valt til å skrive under protokollen, fd vedtektene for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Sak 31 – 2011

Orienteringssakar

»Brannen på Breheimsenteret (vert teke ved branntomta av Peder Kjærvik)

Dagleg leiar ved Breheimsenteret Peder Kjærvik orienterte. Ingen vart skada i brannen og Breheimsenteret var fullforsikra. Arkitekt er allereie i gong med teikningar tilpassa dagens byggforskrift. Bygget er planlagt gjenopna sommaren 2013, men dei planlegg eit mellombels bygg på parkeringsplassen for å kunne ta imot gjester for sesongen 2012.

»Justering av nasjonalparkgrensa ved Kjøsnesfjorden

Tom Dybwad orienterte. Justeringa av grensa ved Kjøsnesfjorden i Jølster vil medføre ein reduksjon av nasjonalparken på 2-3 km². Sjølv om nasjonalparkstyret har fått mynde i høve forvaltning av verneforskrifta, vil Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fortsatt ha ansvar for ev grensejusteringar i verneområda.

»Klagesak på Strupen kraftverk

Tom Dybwad orienterte. Småkraft har, i samarbeid grunneigarane, fleire alternativ til kraftutbygging på Strupen i Gloppen. Det første alternativet er utbygging over to fossar (tilsvarar 27,6 GWh), men denne søknaden fekk avslag frå NVE. Det andre alternativet er tunnellingtak nedanfor alle fossane, dette tilsvaerar 7,2 GWh, og er godkjent av NVE. No har dei sendt inn søknad om utbygging over ein foss, denne vert sendt på høyring av OED. Fossane ligg inne blant dei 100 flottaste fossane i verden, jamfør World Waterfall database.

»Bekkeinntak for vestsideelvene i Jostedalen

Tom Dybwad orienterte. Dersom alle dei omsøkte vestsideelvene i Jostedalen vert overført i tunnell til Tunsbergdalsvatnet vil det tilsvare 135 GWh. Både elvene over Myklemyr og i Krundalen er godt synlege, og det er stor motstand mot utbygging fleire stader i Jostedalen. Eit alternativ er å utelate to bekkeinntak ved Myklemyr (reduserer effekten med 15 GWh), og/eller utelate to bekkeinntak i

Krundalen (reduserer effekten med 35 GWh). Kommunestyret skal vedta høyringssvar den 22. oktober.

»Representant frå Førde i administrativt kontaktutval

Førde kommune vert oppmoda om å finne ein administrativt tilsett person som kan sitte i kontaktutvalet.

»Søknad om oppsetting av stølshus på Sunndalsetra

Tom Dybwad orienterte. Dag Hjelle har søkt om oppsetting av stølshus på Sunndalsetra, med ønske om lokalisering på nordsida av elva (alternativ nr 4 på kart over stølsvollen). Fylkeskommunen sin kulturminneavdeling har vore på synfaring og tilrår plassering på alternativ 2, som vil være på ein eksisterande grunnmur. Til neste møte vil nasjonalparkstyret få framlagt ei sak om rammeløyve for oppsetting av stølshuset, truleg basert på kulturminneavdelinga si tilråding.

»Anna

Sak 32 – 2011

Orientering om sommaren 2011 frå Statens naturoppsyn

Anne Rudsengen fortalte og viste bilete frå ulike tiltak som er gjennomført sidan førre styremøte. Ho viste også bilete frå tiltak som skal følgjast opp i løpet av hausten.

Sak 33 – 2011

Namn på styret for nasjonalparken (vedtakssak)

Alternativ A) Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen

Alternativ B) Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Vedtak:

Styret vart samstemd einige om alternativ B) Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Sak 34 – 2011

Dispensasjonssak for bru i Erdalen, Stryn (vedtakssak, sjå vedlegg)

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga.

Sak 35 – 2011

Tilskot til vedlikehald av Flatbrehytta (vedtakssak, sjå vedlegg)

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga med eit tillegg om at styret kan trekke midlane tilbake dersom vedlikehaldsarbeidet ikkje vert gjennomført innan utgangen av 2012.

Sak 36 – 2011

Uttale til Direktoratet for naturforvaltning om gjenreising av Breheimsenteret (sjå vedlegg)

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga, med noen endringar. Namn på styret blei endra jamfør vedtak i styresak nr 33 – 2011. Faktafeil om at Breheimsenteret allereie var akkreditert som nasjonalparksenter for Breheimen i 2010 blei også retta

Sak 37 – 2011

Førebels program til 20-årsjubileet for nasjonalparken den 25. oktober (sjå vedlegg), og neste styremøte (drøftingssak)

Styret vedtok at jubileumsarrangementet den 24. oktober og styremøtet den 25. oktober går som planlagt, sjølv om det kolliderer med KS Sogn og Fjordane sin haustkonferanse. Dersom mange av dei nyvalte ordførarane frå kommunane rundt breen skal på KS sin konferanse, vert varaordførar eller

annan politisk representasjon invitert til jubileumsmiddagen. Det vil vere fri påmelding til seminaret den 24. oktober på Jostedalsbreen nasjonalparksenter, med servering av lunsj til frammøtte. Seminaret må også inkludere tema om framtida til nasjonalparkane i Norge, og det må være nok tid til å sjå filmen og utstillinga på nasjonalparksenteret. Det er også viktig med nok tid til spørsmål til foredragshaldarane og til å myldre. Nasjonalparkforvaltaren må fortsatt jobbe for å få ein foredragshaldar frå DN/MD. Jubileumsmiddagen vil vere for inviterte gjester, og gå føre seg på hotell Alexandra i Loen. Nasjonalparkforvaltaren skal jobbe vidare med konferansier/fleire foredragshaldarar og eit kulturelt innslag til middagen.

Sak 38 – 2011

Eventuelt

To nye sakar vart føreslegne under sak nr 38 – Eventuelt. Desse fekk saksnummer 39 – 2011 som dreier seg om helikopterlanding ved Skålatårnet (sjå vedlegg) og saksnummer 40 – 2011 som omhandlar ei løyving av midlar til fagseminaret den 24. oktober.

Dispensasjons- eller tilskotssaker til handsaming i møte 30. september

Sak nr 34 – 2011

Søkjar: Erdalen beitelag v/ Johan Berge

Oppsummering: Søknaden gjeld støypping av vangar på begge sider av brua ved Erdalssetra. Tiltaket er for å sikre betre opp- og nedgang for storfe på brua, når dei er på veg til og frå beite i Erdalen.

Heimel: Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § IV punkt 1.3.

Innstilling: Erdalen beitelag v/ Johan Berge får løyve til tiltak som omsøkt, med vilkår å avgrense omfanget til det som er strengt naudsynt, samt å nytte løyvet før utløpet av 2012.

Sak nr 35 – 2011

Søkjar: Eirik Øygard

Oppsummering: Flatbrehytta treng omfattande vedlikehald, og søknaden skisserer både omlegging/byting av tak og utskifting av ein vegg.

Innstilling: Eirik Øygard får ei løyving på kr 20 000,- til vedlikehaldsprosjektet på Flatbrehytta, på vilkår at utsjånaden på hytta ikkje vert endra vesentleg i høve den opphavlege fasaden. Tilskotet vert løyvd frå dei ufordelte midlane som nasjonalparkstyret disponerer.

Sak nr 39 – 2011

Søkjar: Bergen turlag v/ Karl Olsen

Oppsummering: Grunna mykje besøk og ein kald sommar på Skålatårnet er det no ein mangel på ved før vinteren.

Heimel: Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § IV punkt 4.3.

Innstilling: Bergen turlag v/ Karl Olsen får løyve til inntil fem landingar for frakt av ved med helikopter til Skålatårnet. Nasjonalparkforvaltaren får fullmakt til å utarbeide saksutgreiing med vurderingar som framkom på styremøtet.

Sak nr 40 – 2011

Vedtak: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek å løyve kr 15 000,- til fagseminaret under jubileumsarrangementet den 24. oktober. Midlane vert løyvd frå potten som nasjonalparkstyret disponerer.

Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til utbetring av brutilkomst ved Erdalssetra – Johan Berge

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i møte den 30. september 2011, i styresak 34 – 2011, gitt løyve til utbetring av tilkomsten til brua ved Erdalssetra. Styret har gitt vilkår for tiltaket som går fram av utgreiinga under, og det er høve til å klage på vedtaket.

Dokument i saka:

- Søknad frå Johan Berge datert den 15. august 2011

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

Søknaden:

Erdalen beitelag v/ Johan Berge søker i brev datert den 15. august 2011 om løyve til å utbetre tilkomsten til brua ved Erdalssetra i Jostedalsbreen nasjonalpark. På begge sider av brua er det i utgangspunktet større stein med mindre stein/grus som utgjør tilkomsten for folk og dyr som skal til og frå setra. Når elva er stor og det er mykje nedbør blir grusen vaska bort og dei store steinane vert blottlagde med hol i mellom. Storfe får såleis problem når dei skal opp og ned frå brua, og søker skriv at det er spesielt utfordrande om hausten når alle de 220 kyrne skal heimover frå setra. Då kan det danne seg kø av storfe ved brua, og grunneigarane er uroa for at dyr skal fare på elva. Beitelaget ønskjer seg eit enklare innsteg for dyra for å sikre tryggleiken. I dette ligg også ein forlenging av rekkverket på brua slik at det går ned på vangane på vestsida. I søknaden er det skissert følgjande arbeid:

- Støype ein vang på 1,8-2 meters breidde og 2,5-3 meters lengde på kvar tilkomstside av brua
- Lage eit rekkverk på vestsida langs vangane og over brua
- Sidene av vangane blir i naturstein, og stein vil også vere synleg i støypeplata
- Det omsøkte tiltaket er planlagt utført hausten 2011 i samband med anna vedlikehaldsarbeid på brua

Dåverande sekretær for nasjonalparkstyret, Tom Dybwad, var på synfaring med Erdalen beitelag v/ Johan Berge den 15. juni 2011 for å sjå på tiltaket.

Lovgrunnlag:

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap*

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. graving, påfylling av masse, bakkeplanering, og liknande (verneforskrifta § IV punkt 1.1). Reglane er likevel ikkje til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.m. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden (...) (verneforskrifta § IV punkt 1.2 første ledd). Det er også høve til å vedlikehalde eksisterande veger, (...) og andre innretningar som er naudsynte for drift av setrar, turlagshytter,

m.m. (verneforskrifta § IV punkt 1.2 andre ledd).

Jamfør § IV punkt 1.3 første ledd i forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kan forvaltningsstyresmakta (...) når særlege grunner ligg føre gje løyve til å bygge, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m. som nemnt under punkt 1.2. Det skal m.a. tilpassast landskapet i området, og det kan stillast vilkår for løyve som blir gitt etter punkt 1.3.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det mellom anna "Erdalen (...) er viktig for landbruket. (...) Med unntak av breen og beiteområdene bør dalbotnen difor vere bruksområde" (forvaltningsplanens kap 6.4). I skjøtelsesplanen for Bødalen, Erdalen og Sunndalen frå 2001 er det i kap. 4.2. vurdert at det ikkje beiter tilstrekkeleg mange nok storfe til å halde attgroinga tilbake. I kap. 6.1. står det mellom anna "Til bygging og vedlikehald av bygningar, bruer osv. bør det nyttast materialar som harmonerer med naturen: Stein bør nyttast som murar, fundament, oppstøtting (...). Framande og kontrasterande element, material og fargar bør unngåast. Slike material kan likevel vere naudsynte til trygging- eller kanaliseringssøremål (...)"

Vurdering:

Eit av hovudføremåla med vernet i Jostedalsbreen nasjonalpark er å verne om kulturlandskapet, og beitedyr spelar ein vesentleg rolle for å halde landskapet i hevd. Det omsøkte tiltaket har som mål å sikre ein tryggare ferdsel for storfe fram og tilbake på beite i Erdalen, og såleis oppretthalde det viktige arbeidet beitedyra gjer for landskapet. Nasjonalparkforvaltaren vurderer verneforskrifta si § IV punkt 1.3, som opnar for å gje løyve til ombygging av eksisterande anlegg, til å inkludere det omsøkte tiltaket frå Erdalen beitelag.

Skjøtelsesplanen opnar også for å nytte framande material (i det omsøkte tilfellet er det søkt om å nytte støyp), dersom det er naudsynt til tryggingssøremål. Det bør vere eit vilkår at beitelaget støyper vangane slik at mest mogeleg stein vert synleg i støypen. Dette kan også redusere slitasjen på støypen frå beitedyra, og få vangane til å gå litt meir i eitt med landskapet. Det må også vere eit vilkår at ikkje vangane reduserer elva si ferd, sjølv under høg vassstand.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget:

Det er i dag god dokumentert kunnskap om økologi, landskap og skjøtsel i Erdalen, og det omsøkte tiltaket ikkje kunne redusere kvaliteten på naturmangfaldet. Tiltaket vil tvert i mot kunne bidra til vidare berekraftig bruk av beiteområdet.

§ 9 om føre-var-prinsippet:

Det er tilstrekkeleg kunnskap om Erdalen og om tiltaket til at det ikkje vil vere fare for skade på natur og økosystem.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning:

Den omsøkte bruken av betong på brua ligg på eit akseptablet nivå i høve nytta av tiltaket.

§ 11 om kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Dette vert ikkje vurdert som relevant i for det omsøkte tiltaket.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Arbeidet på brua ved Erdalssetra skal utførast i samband med anna vedlikehald på bru og sti, og vil såleis ikkje medføre ein tilleggsbelastning. Det vil vere eit vilkår at sidene på vangane er i naturstein, samt å ha mykje synleg stein i støypeplata.

Framlegg til vedtak:

Nasjonalparkforvaltaren har følgjande framlegg til vedtak på bakgrunn av framlagt dokumentasjon og vurderingar:

Erdal beitelag v/ Johan Berge får løyve til å støype vangar på brua ved Erdalssetra. Løyvet vert gitt på vilkår at:

1. Løyvet vert nytta i løpet av 2011 eller 2012
2. Omfanget av tiltaket vert avgrensa til det som er strengt naudvendig
3. Sidene på vangane vert i naturstein og at så mykje stein som praktisk mogeleg vert synleg i støypeplata.

Vi gjer merksam på at grunneigar også må gje løyve til tiltaket som er omsøkt.

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre slutta seg einstemmig til innstillinga om å gi løyve som omsøkt, på dei vilkår som går fram i framlegget til vedtak.

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal være sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Jostedalsbreen nasjonalpark – tilskot til vedlikehald av Flatbrehytta i Fjærland – Eirik Øygard

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i møte den 30. september 2011, i styresak 34 – 2011, gitt eit tilskot på kr 20 000,- til vedlikehaldsarbeid på Flatbrehytta. Det vert stilt vilkår til tilskotet, sjå utgreiinga.

Dokument i saka:

- Søknad frå Eirik Øygard datert den 18. august 2011

Søknaden blir vurdert etter:

- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

Søknaden:

Eirik Øygard søker i brev datert den 18. august 2011 om midlar til eit større vedlikehaldsprosjekt på Flatbrehytta i Fjærland. Det var Anders Øygard (1924 – 1993) som byggja den første Flatbrehytta i stein, som stod ferdig i 1954. Den vart raskt så populær at han byggja ei større hytte ved sidan av, og den raudmåla hytta vart ferdig byggja ti år seinare, i 1964. Flatbrehytta er eit særst populært turmål, og det kan vere meir enn 2000 besøk i løpet av ein vanleg sommar. Det er flest dagsturar til Flatbrehytta, men dei 18 sengeplassane står sjeldan tomme i høgsesongen. Hytta er eit viktig utgangspunkt for turar over Jostedalsbreen, og har vore eit populært kursstad for DNT sine brekurs. Søklar skriv også at “hytta er eit stort samlingsmål for folk frå heile kloden”.

Flatbrehytta er i dag i ganske dårleg stand etter mange år utan større vedlikehald. Det er først og fremst taket som må reparerast, og søklar var oppe på hytta i byrjinga av september for å sikre taket og hytta for vinteren. Pr telefon opplyste Eirik Øygard at det ville ta om lag to veker for to mann å få gjennomført vedlikehaldsarbeidet. Arbeidet er planlagt utført frå den andre veka i juni 2012. Søklar skal ta av bølgeblekket, legge nytt sutak, med taktro og nye lekter. Noko av bølgeblekket er av dårleg kvalitet og skal bytast ut. Den eine endeveggen er også i dårleg stand. Eirik Øygard vil utføre arbeidet på Flatbrehytta sjølv, saman med broren Jostein Øygard, som er snekkar. Med helikopter vil dei trenge 5-6 hiv mellom garden og hytta med materialar, og avhengig av tilflygingskostnaden vil helikopterutgiftene ligge mellom kr 8000-12 000,-. Innkjøpsverdi på materialar tilsvarar om lag kr 10 000,-.

I brev datert den 30.04.2009 fekk Eirik Øygard løyve til helikopterflyging for fem år, gjeldande til og med 2013. Løyvet gjeld for inntil fire hiv, tre gonger i løpet av eitt år. I løyvet frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane står det: “For evt. transport av materialer bør det sendes egen søknad om dette når det blir aktuelt”. Tal hiv planlagt med helikopter i samband med vedlikehaldsarbeidet tyder på at det blir naudsynt med ein særskilt søknad om motorferdsel til dette føremålet.

Vurdering:

Nasjonalparkforvaltaren for Jostedalsbreen vurderer det som viktig for friluftsliv og ferdsel i nasjonalparken at Flatbrehytta vert teke godt vare på for vidare bruk. Hytta er ein populær innfallspurt til Jostedalsbreen, og har ein spesiell historie. Det er også viktig at hytta fortsatt vil vere tilgjengeleg for allmenn bruk. Når hytta snart er 60 år gamal og i så dårleg stand, vurderer nasjonalparkforvaltaren det som ein god prioritering å løyve midlar til vedlikehaldsprosjektet. Det vil såleis vere rett å nytte tiltaksmidlar frå nasjonalparkstyret (totalt kr 40 000,- for 2011). Styret har kr 35 000,- igjen å disponere for 2011. Dersom nasjonalparkstyret vedtar å løyve kr 20 000,- til vedlikehald av Flatbrehytta, er det kr 15 000,- igjen til tiltak i 2011.

Framlegg til vedtak:

Det blir gitt støtte til vedlikehaldsprosjektet på Flatbrehytta v/ Eirik Øygard med kr 20 000,- frå tiltaksmidlane til nasjonalparkstyret. Midlane skal nyttast før utløpet av 2012 for å utbetre tak og vegg på Flatbrehytta, samt anna naudsynt vedlikehald på hytta. Utsjånaden på Flatbrehytta må ikkje endrast vesentleg i høve dagens fasade.

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre slutta seg samrøystes til framlegget til vedtak, og vedtok å gi eit tilskot til vedlikehaldsarbeidet på Flatbrehytta med kr 20 000,-

Nasjonalparkstyret v/ nasjonalparkforvaltaren bed om å få tilsendt kontonummer for prosjektet slik at midlane kan overførast i 2011. Dersom vedlikehaldsarbeidet av ein eller annan grunn ikkje blir gjennomført innan utgongen av 2012 kan styret krevje å få tilbakebetalt tilskotet.

Uttale til Direktoratet for naturforvaltning om gjenreising av Breheimsenteret

Torsdag den 28. juli 2011 brann Breheimsenteret i Jostedalen ned til grunnen. Til alt hell var ingen til stades i bygget. Brannen var så omfattande at politi og brannvesen måtte ta ein kontrollert nedbrenning, det var ingenting av materiell verdi igjen i ruinane. Dei tilsette på Breheimsenteret var likevel i gang allereie dagen etter med formidling, servering og turistverksemd, mellombels lokalisert i kjellaren på Jostedal hotell.

Breheimsenteret opna i 1993 og vart tre år seinare autorisert nasjonalparksenter for Jostedalsbreen. Det er også søkt om autorisasjon om status som nasjonalparksenter for Breheimen. Senteret var eit viktig samlingspunkt for folk i Jostedalen, og har vore sentral i fleire arrangement, mellom anna Norsk brefestival og Blåe tonar under breen.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre var den 30. september 2011 på synfaring på branntomta, og fekk samtidig ei orientering frå dagleg leiar på Breheimsenteret, Peder Kjærvik, om framgangen i gjenoppbyggingsprosessen.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjer med dette Direktoratet for naturforvaltning merksam på at det neste året er eit godt tidspunkt for å lage ein moderne og framtidsretta utstilling om Jostedalsbreen nasjonalpark. Luster kommune har løyvd midlar i samband med gjenoppbygginga, og vi vil oppmode DN til å følgje opp prosessen på tilsvarande måte.

Nasjonalparkstyret ser fram til den dagen Breheimsenteret igjen vil være ein sentral formidlingsaktør for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Vedtak:

Framlegget til uttale vart vedteke av styret, med noen endringar. Namn på styret er endra jamfør vedtak i styresak nr 33 – 2011. Faktafeil om at Breheimsenteret allereie var akkreditert som nasjonalparksenter for Breheimen i 2010 blei også retta.

Jubileumsarrangement for Jostedalsbreen nasjonalpark – 20 år

Den 25. oktober 1991 vart Jostedalsbreen nasjonalpark oppretta ved kongeleg resolusjon.

Utdrag frå referatet frå styremøtet den 10. juni 2011:

Sak 26-2011

Utfordringar 2012 og framover (drøftingssak)

Det vart oppfordra til markeringar i samband med at Jostedalsbreen nasjonalpark har 20 års jubileum i år. Dato for oppretting var 25.oktober 1991. Nasjonalparken vart opna 16. juni 1992 med to arrangement på kvar side av breen. Nasjonalparkstyret ber om at det blir laga til eitt arrangement (seminar) 24. oktober med påfølgjande møte i styret den 25. oktober. Det bør òg vere eit eller fleire arrangement i juni 2012.

Målgruppe:

Vi tenker oss eit ope arrangement for folk som bur og arbeider rundt breen, med fokus på nasjonalparken si 20 år lange historie, og framtidsutsiktane vidare. Invitasjon til seminaret kan gå til alle som mottar årsmeldinga for nasjonalparken, samt gå ut i lokalmedia og til grendelag.

Ramme:

- Jubileumsdag på nasjonalparksenteret i Oppstryn den 24. oktober med føredrag og lunsj
- Jubileumsmiddag på Alexandra hotell i Loen den 24. oktober om kvelden
- Møte for nasjonalparkstyret den 25. oktober på Alexandra hotell (siste møte for det eksisterande styret)

Aktuelle foredragshaldarar/innhald:

- Uavklart – Direktoratet for naturforvaltning/Miljøverndepartementet - om nasjonalparkane i fortid og framtid. Korleis har synet på urørt natur og verneområder endra seg gjennom dei siste ti-åra? Kva er nasjonalparkane si rolle i framtida?
- Atle Nesje – professor UiB - Verdt å vite om brear og Jostedalsbreen si framtid (eit føredrag med fokus på kunnskap og “det du ikkje visste frå før”)
- Marit Aakre Tennø – leiar i tilflyttingsprosjektet i Jostedalen - om korleis det er å bu som nærmaste nabo til ein nasjonalpark, og korleis dette ev har vore brukt som trekkplaster for nye jostedøler. Ho har også styreerfaring frå naturarvprosjektet i Luster.
- Tom Dybwad (FMSF) /Anne Rudsengen (SNO): Dei store linjene og milepælar i breen si forvaltningshistorie, med ein biletekavalkade (både lysbilete og ppt)
- Rune Holen (SNO): Skålastiprosjektet
- Ein grunneigar frå Strynedalane (ikkje avklart kven) - om 20 år med nasjonalpark sett frå grunneigarhald
- Andre?
- Helsingar og gratulasjonar frå styreleiar, fylkesmann, ordførar, nasjonalparksenter, med fleire under middagen. Underhaldning?!

Anna:

Kunstnariske innslag under middagen?

Miniutstilling på nasjonalparksenteret med fokus skjøtsel/tiltak i nasjonalparken.

Sette i gong ein fotokonkurranse, med ein eigen pris for barn og unge, fram til juniarrangementet.

Tema: Levd liv i nasjonalparken eller Livet i nasjonalparken

Aktuelle gjester til middagen:

- Nasjonalparkstyret med vararepresentantar (14)
- Administrativt kontaktutval (7)
- Fagleg rådgjevande utval (7)
- Nasjonalparksenteret i Oppstryn
- Norsk Bremuseum, Fjærland
- Breheimsenteret, Jostedalen
- Nyvalte ordførarar
- Fylkesmannen og Fylkesordførar
- Fylkesmiljøvernsjef, Tom Dybwad, nasjonalparkforvaltar, SNO
- Sunndalen sameige, andre sentrale grunneigere?
- Oldedalen skysslag, Briksdal breførarlag, Jostedalen breførarlag
- Naturvernforbundet, S&Fj Turlag, UiB, Bondelag, bonde- og småbrukarlag (allereie inne i fagleg rådgjevande utval)
- Reisemål Nordfjord – Stryn, Reisemål Sunnfjord, Reisemål Sogndal – Luster – Fjærland (ei av dei skal sitte i fagleg rådgjevande utval)
- Grendelag: Jostedalen, Fjærland, Veitastrond, Stardalen...
- Andre?

Styremøte den 25. oktober

Aktuelle saker:

- Bestillingsdialogen – kva for tiltak i nasjonalparken (eller i innfallsportane) ønskjer styret å prioritere å få løyvd midlar til for 2012?
- Søknad om løyve til oppsetting av sel på Sunndalssetra – Dag Hjelle
- Søknad om idrettsarrangement (skirenn) opp og ned Skåla – Anders Felde
- Anna

Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til landing med helikopter ved Skålatårnet – Bergen turlag

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i møte den 30. september 2011, i styresak 39 – 2011, gitt løyve til landing med helikopter ved Skålatårnet. Styret har gitt vilkår for tiltaket som går fram av utgreiinga under, og det er høve til å klage på vedtaket.

Dokument i saka:

- Søknad frå Bergen turlag v/ Karl Olsen datert den 28.09.2011

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark datert den 25.10.1991
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)

Søknaden:

Søknaden frå Bergen turlag gjeld helikoptertransport av ved til Skålatårnet. Grunna mykje besøk og kaldt vær i sommar har det vore eit høgare forbruk av ved enn rekna ut på førehand, og det er naudsynt å ha ved på lager til hausten og vinteren. Turlaget søker om fem hiv med helikopteret i perioden veke 39-43 inneverande år. Den lange tidsperioden er grunngjeve med mykje dårleg vær denne tida om hausten, og det er naudsynt å ha fleksibilitet slik at helikopteret kan fly under gode forhold.

Skålatårnet er ei sjølvbetjent turisthytte i Stryn kommune, driven av Bergen turlag. Det er mange besøkande til Skålatårnet, og lokaliseringa på 1848 meter over havet gjør Skålatårnet er utsett for skiftande vær.

Bergen turlag fikk, i brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane datert 24.04.2009, løyve til inntil 7 hiv i tidsrommet 15. mai til 30. juni 2010-2012. Føremålet med løyvet var frakt av brensel, proviant, utstyr og anna som er naudsynt for drifta av Skålatårnet. Løyvet vart utvida i brev frå fylkesmannen datert den 29.06.2010, der tidsrommet vart forlenga med ein månad, altså frå 15. mai til 31. juli. Løyvet vart gitt på dei same vilkåra som i brevet frå 2009 og grunngjeve med trong for meir fleksibilitet for flyging i høve dårleg vær.

Lovgrunnlag:

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I nasjonalparken er motorferdsel på land og i vatn, også landing med luftfartøy, forbode (jamfør verneforskrifta si § IV, punkt 4.1). Forvaltningsmyndet kan gje løyve til motorferdsel for transport av materialar til hytter, og av brensel, utstyr og proviant til hytter (verneforskrifta si § IV, punkt 4.3).

Jamfør § 7 i naturmangfoldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

Vurdering:

Fråvæer av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet for dyr, fugl og folk i utmark, og spesielt i en nasjonalpark. Eit av hovudføremåla med vernet i Jostedalsbreen nasjonalpark er nettopp å gje høve til naturoppleving gjennom friluftsliv. Difor er motorferdsel på land, vatn og i lufta under 300 m frå bakken i utgangspunktet forbode innanfor verneområdet.

Området opp til Skålatårnet er ein populær rute for friluftsliv, og det kan være spesielt mange turgåarar på dagar med fint vær. Fint vær er samstundes ein føresetnad for å kunne fly helikopter i området. Skålatårnet er målet til mange som tar turen opp fjellet Skåla, og det er også eit moment i høve tryggleiken i fjellet at det er nok ved på hytta.

Motorferdsla innanfor nasjonalparken må avgrensast til det som er helt naudsynt, og fordi forvaltningsstyresmakta har ansvar for å ha oversikt over den totale mengda motorferdsle i området, er det viktig med rapport i ettertid av flyginga. Motorferdsle bør unngåas på sundagar og heilagdagar av omsyn til friluftslivet.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget og § 9 om føre-var-prinsippet:

Gjennom forvaltningsplanen og Statens naturoppsyn veit vi i dag at det er mykje friluftsliv i området det er omsøkt helikopterflyging. Området er også inne som regionalt viktig friluftsområde i fylkesdelplanen for arealbruk. Det er i dag ikkje avdekka spesielt sårbart biologisk mangfald langs den planlagde helikopterruta. Det er tilstrekkeleg kunnskap om verneverdiane til å vurdere søknaden.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning:

Det er tilstrekkeleg kunnskap om Skåla til å vurdere at den omsøkte motorferdsla er innanfor det forsvarlege for området. I framtida bør likevel Bergen turlag vurdere å ev søkje om eit utvida rammeløyve eller auke tal turar under vår/sommartransporten dersom forbruket av ved på Skålatårnet fortset å være like høgt som i sommar. Såleis kan motorferdsla bli meir konsentrert og samordna i eitt tidsrom.

§ 11 om kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Dette vert ikkje vurdert som relevant i for det omsøkte tiltaket. Forvaltningsmyndet går likevel ut frå at eventuelt søppel vert frakta ned frå Skålatårnet i samband med helikoptertransporten.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Det er i løyvet sett vilkår om å minimere tal turar til det som er strengt naudsynt, samt unngå flyging på sundagar og heilagdagar av omsyn til friluftslivet. Driftsmetoden med helikopter for frakt av ved er vurdert til den mest hensiktsmessige i høve påverknad for natur og friluftsliv.

Framlegg til vedtak:

Nasjonalparkforvaltaren har følgjande framlegg til vedtak på bakgrunn av innsendt søknad, lovgrunnlag og vurderingar:

Bergen turlag v/ Karl Olsen får løyve til helikopterlanding ved Skålatårnet med det føremål å transportere ved.

1. Løyvet gjeld i veke 39 – 43 år 2011.
2. Omfanget av tiltaket vert avgrensa til det som er strengt naudsynt, maksimalt fem landingar.
3. Løyvet for helikopterflyginga gjeld ikkje søndagar og heilagdagar av omsyn til friluftsliv.
4. Flyging skal meldast til Statens naturoppsyn (Anne Rudsengen 95 96 38 88) før avreise, helst dagen før.

5. Logg over transporten skal sendast til forvaltningsmyndet innan 1. desember 2011.

Vi gjer merksam på at dette løyvet er gjeve etter verneforskrifta, og at Stryn kommune må gje løyve etter motorferdsellova med eiga forskrift. Grunneigar må også gje løyve til motorisert ferdsel på sin eigedom.

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Bergen turlag v/ Karl Olsen løyve med vilkår til helikopterlanding ved Skålatårnet. På grunn av kort frist (søknaden kom inn to dagar før styremøtet den 30.09.2011) gjev styret fullmakt til nasjonalparkforvaltaren for utarbeiding av saksdokument og vurderingar jf. naturmangfaldlova.

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal være sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Referat slutt.